

Til Utdanning- og forskningskomiteen  
[utdanning-forskning@stortinget.no](mailto:utdanning-forskning@stortinget.no)

## Kapittel 08.15 Frivillighetsformål, post 73

Studieforbundet har motteke forslag til Statsbudsjett og er godt er godt tilfredse. Vi set pris på at frivillig sektor er løfta fram som sjølvstendig og sterkt, og med gode vilkår for å inkludere fleire og skape aktivitet og opplæring i heile landet

Likevel, vi har nokre bekymringar:

### Grunntilskot

Grunntilskotet til studieverbundene, som i realiteten er administrasjonstilskot, blir tildelt etter ein trappestegsmodell. Fleire av studieverbundene kjem nå i andre trappesteg, der dei fell attende – dette som fylgje av pandemi og nedgang i kursaktivitet. Vi ber komiteen passe på at dette ikkje får utilsikta konsekvensar for studieverbundene. Vi ber og om at grunntilskotet blir prisjustert.

### Digitale timer

Gjennom pandemien har studieverbundene og det frivillige feltet vist seg å vere svært tilpassingsdyktige og har gjort eit kvantesprang knytt til å få folk på digitale flater. Mykje arbeid og opplæring er flyttet til digitale plattformar og vi har dessverre dårlege signal frå Departementet om å få vidareført endringane i forskriftera som gjer det mogleg for oss å halde heildigitale kurs. Vi ber om at komiteen ser til at Departementet sikrar at studieverbundene får dei same arbeidsvilkåra som andre opplæringstilbydarar.

### Tilretteleggingstilskot

Tilretteleggingstilskotet har eit lite tilpassa regelverk som meir hemmar enn det fremmar moglegheitene det frivillige har til å invitere personar i eit utanforskap inn i kursa våre. Ein prosess var sett i gang for å endre på dette, som dessverre ser ut som er skrinlagt. For studieverbundene er dette svært uheldig, og vi ber komiteen passe på at denne prosessen går sin gang.

### Tilskot til Vofo

Tilskotet til Vofo er ikkje gjeve prisregulering. Det reagerer vi og fleire andre studieverbund på. Vofo er ein svært viktig organisasjon for oss, både i den daglege drifta vår og som samordnande organ. Særleg erfarte vi dette under pandemien, men ikkje minst under den krevjande tida med ny lov og fordeling på to departement. Vofo er ein svært viktig paraply for å sikre utvikling på feltet vårt. Vi ber komiteen sjå på moglegheitene for å få prisjustert også tilskotet til Vofo.

**Deling mellom departement**

Da tilskotsordninga for studieforbund vart delt mellom to departement, vart vi lova ei evaluering innan fem år. Det er tydeleg at ordninga fører med seg ein del utilsikta konsekvensar for studieforbunda, og vi ynskjer at komiteen ber departementet sette i gang dette arbeidet tidlegare.



---

Våga 10.11.2022

Kjærsti Gangsø